

From: Thomas Bjørkeland <Thomas.Bjorkeland@museumvest.no>
Sent: onsdag 2. oktober 2019 11.14
To: ambjorg.reinsos@hfk.no
Cc: NVE
Subject: Oversender for vurdering – Søknad om vassuttak frå Knappenvatnet – Fjell kommune. Ref. 2019/16307-2. Forholdet til marine kulturminne.

Vedr. Oversender for vurdering – Søknad om vassuttak frå Knappenvatnet – Fjell kommune. Ref. 2019/16307-2. Forholdet til marine kulturminne.

Me viser til brev frå Hordaland fylkeskommune, datert 12.09.2019.

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Museet kjenner ikkje til kulturminne i vatn ved Knappenvatnet i Fjell kommune som kan bli direkte råka av det omsøkte tiltaket.

Museet har derfor ingen merknader til det planlagde arealinngrepet.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

Venleg helsing

Thomas Bjørkeland | Bergens Sjøfartsmuseum
Marinarkeolog | + 47 55 54 96 11
www.museumvest.no